

terminologiens terminologi

begrepssystem

begrepsfelt

nomenklatur

terminologiformat



hovedterm

forkortet form

frarådet

synonym?

Hvem tar ansvaret for fagterminologien?

Rapport fra en strategikonferanse om terminologi og fagspråk i Norge

OSLO, 13. OKTOBER 2004

begrepsrelasjon

fagspråk

termpost

flerordsterm

sirkeldefinisjon

kategorisering

registrering

bet

bruksområde

Redigert av Jan Hoel

Språkrådet

Hvem tar ansvaret for fagterminologien?

Rapport fra en strategikonferanse om terminologi og fagspråk i Norge

OSLO, 13. OKTOBER 2004

Redigert av Jan Hoel
Språkrådet

ISBN 82-7433-052-8

Forord

Norsk språkråd arrangerte 13. oktober 2004 en strategikonferanse over én dag om terminologi og fagspråk i Norge, under tittelen "Hvem tar ansvaret for fagterminologien?". Konferansen ble holdt i Forskningsparken i Oslo og samlet om lag 50 deltagere, både inviterte og påmeldte.

Siden høsten 2001 har Norge vært uten en sentral institusjon for terminologi og fagspråk. Styret i Norsk språkråd oppnevnte sommeren 2002 en *nasjonal referansegruppe for terminologiarbeid*. Styret ønsket på denne måten å ta større ansvar for dette språkbruksområdet og å fylle det tomrommet som hadde oppstått etter at Rådet for teknisk terminologi (RTT) gikk konkurs og ble lagt ned 2001/2002. Språkrådet er under omdanning, og Kultur- og kirkedepartementet har gitt klare signaler om at terminologi og fagspråk er et naturlig og viktig ansvarsområde for den omdannede institusjonen.

Det var den førnevnste referansegruppen som planla, forberedte og gjennomførte konferansen. Referansegruppen avsluttet sitt virke rett etter arrangementet og ble erstattet av *Språkrådets faggruppe for terminologi og fagspråk* ("terminologigruppen") ved inngangen til inneværende år. Referansegruppen hadde denne sammensetningen:

Jan Hoel, Språkrådet
Johan Myking (leder), Universitetet i Bergen
Kjell Ivar Vannebo, Universitetet i Oslo
Nina Zandjani, Standard Norge

Formålet med konferansen var å sette søkerlyset på bl.a. hvordan arbeid med terminologi og fagspråk her til lands kan oppnå større oppmerksomhet og tilgodeses med økte økonomiske midler i framtida, hvordan terminologiarbeid kan organiseres og samordnes på nasjonalt plan, hvordan det kan skapes større eller mindre nettverk for folk som arbeider med terminologi, hvordan terminologiressurser i større grad enn i dag kan gjøres allment tilgjengelige, og hvilken rolle Språkrådet kan og bør ha på dette området.

Det var innlegg med historisk og nordisk-europeisk overblikk, strategisk-politiske framtidsplaner og -vyer samt "partsinnlegg" fra representanter for produsenter, formidlere og brukere av terminologi på ulike områder. Konferansen ble avsluttet med en paneldiskusjon.

Før konferansen hadde standardiseringsinstitusjonen Standard Norge utført et forprosjekt for Språkrådet. Forprosjektet er en kartleggingsundersøkelse av norske terminologimiljøer og terminologiressursene deres og dessuten av de ønsker, behov og holdninger som disse miljøene har på det aktuelle området. Undersøkelsen og resultatene av den ble presentert i et av innleggene under konferansen. Rapporten fra forprosjektet var trykt opp og ble delt ut til deltakerne. Forprosjektrapporten inngår også i den forhåndenværende rapporten.

Oslo, august 2005
Jan Hoel

Innhold

Forord	s. i
GENERELLE INNLEGG	
<i>Terminologi i Noreg – historisk oversyn</i> Johan Myking, Universitetet i Bergen	s. 2
<i>Språkrådets strategi for og rolle i nasjonalt terminologiarbeid</i> Sylfest Lomheim, Norsk språkråd	s. 16
<i>Terminologiarbete i nordiskt og övrigt europeiskt perspektiv</i> Anna-Lena Bucher, Terminologicentrum TNC, Sverige	s. 19
<i>Om et forprosjekt til konferansen og resultatene av det (se. s. 68)</i> Knut Jonassen, Standard Norge	s. 24
SEKTORVISE INNLEGG	
<i>Fagterminologi og standarder</i> Anne Falken, Standard Norge	s. 26
<i>Teknologisk terminologiutvikling, trenger vi det?</i> Martin Ystnes, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	s. 30
<i>Økonomisk-administrativt fagspråk</i> Sunniva Whittaker, Norges handelshøgskole	s. 35
<i>Terminologi i it-fagtidsskrifter</i> Kurt Lekanger, PC World Norge	s. 38
<i>Oversettelse og tolking</i> Nina Reier	s. 40
<i>Fra Råd til råd</i> Bente Getz Sollie, Fagbokforlaget	s. 44
<i>Status for terminologiarbeidet i helsesektoren</i> Bjørn Buan, Kodeverk og terminologier i helsevesenet	s. 48
<i>Brukstrar og produsentar av terminologi i offentleg sektor</i> Vidar Rekve, Sjøfartsdirektoratet	s. 52
PANELDISKUSJON MED TRE FORBEREDTE INNLEGG	s. 54
Konferanseprogram	s. 64
Deltakerliste	s. 66
PROSJEKTRAPPORTE (jf. s. 24)	s. 68

GENERELLE INNLEGG

Terminologi i Noreg – historisk oversyn

Førsteamanuensis Johan Myking, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen

Innleiing

Det strategiske målet for norsk terminologiarbeid er nett no å finna ein tenleg organisasjonsmodell. Grannelanda våre, Finland, Sverige og Danmark, har lenge hatt ei arbeidsdeling mellom statlege språkrøktorgan som tek seg av allmennspråket, og meir utøvande 'lokomotiv' som tek seg av terminologien. På Island ligg derimot begge typane arbeid under eitt og det same organet. Noreg har vore utan eit terminologiorgan sidan 2001, og Norsk språkråd er under omorganisering.

I det fagterminologiske miljøet har det alltid vore semje om at terminologiarbeid er både kulturforsvar og eit vilkår for effektiv kommunikasjon over språkgrenser. Begge delar er vilkår som må oppfyllast for å unngå domenetap for norsk. Det har stort sett vore semje om at staten har eit særlig ansvar for dette arbeidet på grunn av den kulturelle dimensjonen, og det har heller ikkje vore stor sakleg usemje om at norsk næringsliv burde ta ansvar for sin eigen terminologi og investera meir i slikt arbeid. Og endeleg er det eit faktum at terminologi i viktige periodar har vore tiltenkt ei rolle i ein norsk språktekhnologisk industri som det enno ikkje har lukkast å gjera levedyktig.

Målet med denne artikkelen er å gje eit oversyn over den historiske bakgrunnen, slik at dei røynslene som måtte vera nyttige for det framtidige strategiarbeidet, vert dokumenterte. Den 'endelege historia' er det ikkje målet å gje – oversynet viser at det ligg føre meir kjeldemateriale enn det har vore mogeleg å yta rettferd i denne omgangen. Oversynet vil visa at det har gått opp og ned, både organisatorisk, økonomisk og kulturpolitisk.

Kva er 'terminologi'?

Den som les faglitteratur om terminologi, oppdagar snøgt at termen terminologi ikkje er eintydig, men at han dekkjer både 'terminologisk teori' og 'praktisk terminologiarbeid' i tillegg til 'terminologiar' i tydinga 'språklege inventar'. Når ein skal presentera norsk terminologiarbeid, er det ikkje tenleg å utelukka den teoretiske dimensjonen. Eg legg derfor til grunn den generiske termen *terminologi* for alle desse ulike omgrepene, for til saman utgjer dei ein disiplin og eit fagfelt med både språkvitskapleg og tverrfagleg grunnlag (sjå Laurén, Myking, Picht 1997). På dette grunnlaget kan vi laga ein praktisk og ikkje altfor teoretisk stringent arbeidsdefinisjon av norsk 'terminologi', slik eg meiner han har arta seg i det norske språksamfunnet i det tidsrommet som det er aktuelt å drøfta:

terminologi

terminologiproduksjon, medrekna forsking og utvikling, undervisning og grunnforsking, utført av institusjonar med *terminologi* som fokuserande nøkkelord i mandat, formålsparagraf, vedtekter eller kursplanar

I praksis vil dette seia at vi først og fremst må samla merksemda om det institusjonelle terminologiarbeidet, og då er det tre institusjonar som ut frå definisjonen er sentrale: Rådet for teknisk terminologi (RTT), Norsk språkråd/Norsk språknemnd og Norsk termbank. Det finst institusjonar som driv utvikling av nomenklatur og klassifikasjonssystem og såleis ikkje er definitorisk utelukka, og det finst verksemder internt terminologiarbeid i større og mindre skala. Det er òg gjort viktig terminologiarbeid i regi av forlag eller einskildpersonar. Noko av dette nemner eg nedanfor, men i denne samanhengen er det naturleg å konsentrera seg mest om dei

institusjonane som primært har terminologiutvikling som formulert hovudmål. Dermed er det ikkje mogeleg å yta alle full rettferd.¹

Norsk språknemnd og Norsk språkråd

Norsk språknemnd vart skipa ved lov i 1951 og var i funksjon frå 1952 til 1972, då ho vart avløyst av Norsk språkråd, som er nedlagt frå 1. januar 2005 og avløyst av det nye Språkrådet. Terminologiarbeid var rekna for ei viktig oppgåve for Språknemnda. Ved skipinga kom denne formuleringa inn i formålsparagrafen:

Nemnda har som særlege oppgaver bl.a. [...] å fremme enhet i terminologi – i hvert mål for seg og i begge mål under ett – [...]

Aktiviteten på terminologiområdet var ofte svært synleg, særleg mot slutten av funksjonstida, slik ein kan lesa t.d. i årsmeldinga frå 1971, s. 16 f. Då Språknemnda vart avløyst av Norsk språkråd i 1972, vart det terminologiske ansvaret ført vidare. Paragraf 7 i vedtekten fastset arbeidsfeltet for fagnemnda, og der heiter det mellom anna:

Konkrete oppgaver for fagnemnda er f.eks.:

- 1. å gi rettleiing om språkbruk, ortografi, terminologi, syntaks og stil i lærebøkene for skoleverket,*
- 2. å fremme enhet i terminologi innenfor hver språkgruppe, og, så langt det er naturlig, for begge språkgrupper under ett [...]*

Ut frå desse målformuleringane er det naturleg at både Norsk språknemnd og seinare Norsk språkråd kom til å leggja vekt på terminologi for skuleverket, særleg gjennom kontrollen av lærebøker. Denne kontrollen har vore rekna som ei sentral oppgåve gjennom størstedelen av funksjonstida. Ei viktig side av dette var at Språkrådet i samarbeid med både RTT og Prosjekt for datamaskinell språkbehandling (PDS) kom til å retta merksemda mot slike sektorar av samfunnet der terminologiutvikling kunne spela ei særleg viktig rolle i høve til eit breitt publikum, både praktisk og symbolsk. Tre slike område peika seg særleg ut: data teknologi, marknadsføring og oljeverksemd. På dei to første av desse områda sette Språkrådet på 1970-talet ned til terminologikomitear, datatermkomiteen (Scott 1985) og komiteen for marknadsføringsterminologi. Initiativet til desse komiteane kom frå PDS i Bergen, der mykje av det praktiske terminologiske arbeidet skulle gjerast. Språkrådet fungerte i stor grad som eit administrativt sekretariat, og gjennom Språkrådet var dette komitéarbeidet dermed offentleg forankra. Denne 'klassiske' terminologiske arbeidsmodellen gav resultat. *Norsk dataordbok* kom i 1. utgåve i 1976 og vart ein stor salssuksess gjennom mange opplag og utgåver. *Norsk markedsføringsordbok* kom ut i 1981. Saman med RTT gav Språkrådet ut den vesle terminologilista *Oljeordliste* i 1982, med 468 sentrale og definerte omgrep frå oljeutvinninga i Nordsjøen. Ein kan godt kalla dette ei kulturpolitisk markering av den sentrale rolla denne nye næringa kom til å spela, og terminologilista er framleis i sal.

Språkrådet hadde òg i mange år eit nært samarbeid med Norges Standardiseringsforbund gjennom korrekturarbeid og anna språkkontroll av Norsk standard, og med Rådet for teknisk terminologi gjennom språkleg kontroll av RTT-ordbøker, særleg med ansvar for at nynorske ekvivalentar kom meir og meir inn i desse bøkene utetter 1980-talet. Ansvaret for skuleverket

¹ Eg takkar Kolbjørn Heggstad og Håvard Hjulstad for mange verdfulle saksopplysningar, kommentarar og arkivmateriale. Takk òg til dei andre som har kommentert: Jan Hoel, Knut Jonassen, Bjarne Norevik, Ole-Jørgen Johannessen. Ansvaret for feil og manglar er sjølv sagt mitt, fullt og heilt.

kjem godt til syne gjennom *Ordliste for fysikk og kjemi til skolebruk*, som Språkrådet gav ut i 2000. Desse to elementa, arbeid på det språklege planet og i høve til skuleverket, er på mange måtar Språkrådet sin særlege profil i terminologiarbeidet.

Rådet for teknisk terminologi (1938–2001)²

Rådet for teknisk terminologi oppstod i det norske teknologimiljøet ved Norges Tekniske Høgskole (NTH), og ein kan sjå skipinga av rådet som uttrykk for ein internasjonal tendens. Det var i mellomkrigstida det internasjonale terminologiarbeidet skaut fart, ikkje minst i dei store standardiseringssorganisasjonane etter sterkt inspirasjon frå Eugen Wüster, og både i Noreg og grannelanda. Ein slik inspirasjon kjem godt til syne i eit notat om RTT frå spiret i 1897 og til og med året 1939, truleg forfatta av bibliotekar og fagordbokforfattar John Ansteinsson ([Ansteinsson 1939]). Det er ”Wüster-aktige” ideal om systematisk innsamling og framstilling av fagordtilfang som gjennomsyrer notatet.

Føregangaren til RTT var ”Sprogkomiteen” av 1897, sett ned av Den Norske Ingeniørforening (NIF) med økonomisk støtte av Stortinget. Komiteen arbeidde fram til 1905 og vart formelt nedlagd i 1912. Mandatet var ”å samle og ordne materiale til en ordbok over tekniske ord og betegnelser såvel nu brukelige som nye forbedrede”. Det vart samla inn eit stort ordmateriale frå tekniske fag, noko vart publisert i Teknisk Ukeblad, men arkivet gjekk visstnok tapt ([Ansteinsson 1939]:2). Det heiter lakkisk om den Norske Ingeniørforenings Sprogkomité av 1897:

Komiteen har åpenbart lagt stor vekt på å finne ”forbedrede ord og uttrykk”, og har sett det som en hovedoppgave å arbeide med fornorskning av terminologien. Diskusjoner om nylagede norske ord synes å ha optatt meget tid i komiteens møter, og har utvilsomt bidratt til å sinke og stoppe arbeidet.

Den språkleg sakkunnige var Hjalmar Falk, men hovudårsaka til at initiativet stansa, var ifølgje same kjelde at det innsamla materialet ikkje heldt mål.

RTT vart første gong skipa ved Norges Tekniske Høyskole i Trondheim på initiativ frå NIF i 1938 (jf. ymse notat ved sivilingeniør Diderich H. Lund u.å., Arvid Lippestad 1969, Bernhard Christiansen 1984, dessutan Hjulstad 1985b:434). NIF hadde teke fleire initiativ i åra rundt 1. verdskrig, og det hadde vore spreidd arbeid frå interesserte einskildpersonar og fagmiljø på 1920- og 1930-talet. Ein får inntrykk av at John Ansteinssons innsats ikkje kan ha vore den minst viktige faktoren.

Under krigen låg arbeidet nede, og etter krigen vart rådet flytta og reetablert i Oslo i 1956 (Hjulstad 1985b:434). RTT samarbeidde heilt frå starten av nært med fleire institusjonar og verksemder, ikkje minst Norges Standardisering forbund med Gulbrand Jensen som drivkraft. Sekretariatsleiarar var Arvid Lippestad mellom 1963 og 1973, frå 1974 Bernhard Christiansen, medan Håvard Hjulstad overtok som dagleg leiar for sekretariatet frå 1989.

Formålsparagrafen for RTT lydde slik (sitert etter statuttane for stiftinga frå 1989):

² Skriftelege kjelder om RTT er særleg årsmeldingar og *Termposten*. Til dette oversynet har eg særleg brukt *Språklig Samling* 1983/2 (intervju med Bernhard Christiansen og Ingrid Forberg Dahlø), Heggstad 1976, Hjulstad 1985b, munlege opplysningar ved Kolbjørn Heggstad og ymse arkivstoff frå Håvard Hjulstad. Opplysningar kan ein også finna på <http://www.rtt.org>, m.a. heile bokserien frå RTT. Dei kjeldene eg har nemnt her, gjeld også Norsk termbank for tida fram til om lag 1985.

Stiftelsen RTT har til oppgave å arbeide aktivt for klarhet, entydighet og ensartethet i en fagterminologi som er hensiktsmessig for norske forhold.

Stiftelsen RTT skal bidra til økt forståelse for betydninga av en hensiktsmessig fagterminologi og til å spre kunnskap om norsk fagterminologi.

Fram til 1989 var RTT ein medlemsorganisasjon, der større og mindre verksemder, bransjeorganisasjonar, departement og andre offentlege instansar, m.a. Språkrådet, var medlemer. I 1985 låg talet på medlemsorganisasjonar mellom 30 og 40. Det praktiske ordboksarbeidet vart gjennomført i terminologikomitear, og komitéarbeidet vart samordna i sekretariatet. Frå 1956 og fram til 1985 hadde RTT stått for utgjevinga av 45 ulike ordbøker, dei fleste på Universitetsforlaget, og i 1985 hadde sekretariatet 15 utøvande komitear i arbeid. Samarbeidet med Språkrådet var viktig, særleg med tanke på å skapa ein einsarta terminologi i lærebøker for skuleverket. Dei to institusjonane samarbeidde elles om rådgjeving og felles konsulentverksem, særleg spela dei ei viktig rolle som språkkonsulent for Norges Standardiseringsforbund. På mange måtar fungerte RTT som eit terminologisk sekretariat for Standardiseringsforbundet. Det tekniske arbeidet med dataføring og bearbeiding vart i nokre år, om lag mellom 1978 og 1985, gjort ved Norsk termbank og Prosjekt for datamaskinell språkbehandling, Universitetet i Bergen.

1970- og 1980-talet førte med seg ein del endringsprosessar på fleire plan. Det grunnleggjande problemet var sjølv sagt å få i stand eit berekraftig og varig økonomisk grunnlag. Det vart lansert fleire løysingsframlegg, m.a. ei nasjonal terminologistifting (sjå nedanfor), og før dette hadde det vore diskusjonar mellom anna med Norges teknisk-naturvitenskapelige forskningsråd om ei form for nasjonal termbank. Då slike tankar ikkje førte fram, enda det med at RTT vart omdanna frå medlemsorganisasjon til stifting frå januar 1990. Stiftarane var i stor grad slike verksemder som òg hadde vore medlemer i den gamle organisasjonen, men òg ein del nye. Fordi den gamle rådsskipnaden forsvann, fekk RTT ein tilknytt medlemsorganisasjon, Foreningen for teknisk terminologi (FTT) frå 1991. Drifta vart lagt om og utvida, og finansieringsforma var statsbidrag kombinert med prosjektintekter. I gammal skipnad òg hadde RTT hatt faste løyvingar over statsbudsjettet. Funksjonen som eit norsk koordinerande organ for dei samla terminologiske aktivitetane i landet kom tydelegare til syne. RTT tok såleis til å gje ut bladet *Termposten* frå 1990, og RTT stod som norsk partner i det nordiske samarbeidsorganet Nordterm frå starten av i 1976. Etter at Universitetsforlaget trekte seg som fast utgjevar av ordbøkene, gav RTT etter omlegginga ut dei fleste ordbøkene på eige forlag.

Staten hadde vore representert i styret for RTT gjennom heile tida som medlemsorganisasjon, og det vart gjeve øyremerkte løyvingar over statsbudsjettet mellom 1970 og 1989. Denne representasjonen vart vareteken ved fleire departement eller andre forvaltningsnivå, og det gav RTT høve til å drøfta organisering og struktur med styresmaktene. Den statlege representasjonen heldt fram etter omorganiseringa i 1989, og det vart gjeve statsbidrag til drifta heilt fram til RTT vart lagt ned i 2001.

Norsk termbank (1979–1997)

Utgangspunktet for Norsk termbank var det såkalla Prosjekt for datamaskinell språkbehandling – PDS – ved Universitetet i Bergen. Dette var opphavleg ikkje ein institusjon, men, som namnet seier, eit prosjekt eller prosjektmiljø ved Nordisk institutt. Det var sett i gang av Kolbjørn Heggstad, og dei første løyvingane kom i 1967 (Heggstad 1976:3), i dei første åra mellom anna frå Noregs allmennvitakaplege forskingsråd (NAV). Heggstad

var fram til midten av 1980-talet den leiande fagpersonen i det omfattande prosjektsamarbeidet rundt PDS. Eitt av dei prosjekta ved PDS det er grunn til å nemna særskilt, er *Norsk ordregistrant*. Ordregistranten skulle produsera det sentrale grunnmaterialet for mange andre leksikografiske prosjekt, og vart lagd opp som ei stor dataleseleg ordsamling med grammatiske koder som skulle gje det mogeleg å produsera spesiallister og gje språkvitskaplege undersøkingar med datateknologiske metodar. Registranten var tiltenkt ei viktig rolle i normeringsarbeidet i Språkrådet, derfor var òg Språkrådet inne i prosjektet både finansielt og gjennom fagleg medverknad. Tanken om ein "Norsk termbank" oppstod på PDS i dette arbeidet, ein norsk "fagordregistrant" som kunne vera parallel med den allmenne ordregistranten.

Norsk termbank vart såleis frå først av sett ut i livet som eit terminologisk dataarkiv ved PDS, der både Språkrådet, RTT, Universitetsforlaget og Standardiseringsforbundet var inne i biletet med finansiering og drift. PDS vart på denne måten eit kraftsentrum i det norske terminologimiljøet fram til rundt 1985, og Kolbjørn Heggstad var den sentrale personen i miljøet i eigenskap av leiar for PDS og samstundes styreformann i RTT. Dei fleste kanalane gjekk på ein eller annan måte gjennom PDS, og ofte fekk miljøet rolla som "buffer" og formidlar mellom ulike interesser i terminologiarbeidet. Den formelle skipinga av terminologiprojekta ved PDS som eiga "avdeling i avdelinga" med namnet Norsk termbank kan daterast til 1979 (Hjulstad 1985a:58–60).

Ein viktig prestasjon ved Norsk termbank i perioden fram til 1984 var utgjevinga av Hjulstad/Norevik (red.), *Norsk teknisk fagordbok* (NTFO) i 1984. Dette var i røynda ei samling av alle RTT-ordbøkene, som låg lagra i arkivet Norsk termbank. NTFO inneheldt i tillegg svært mykke materiale frå *Norsk standard* og vesentlege delar av *Norsk teknisk ordbok* (sjå nedanfor).

Bernhard Christiansen hadde teke til å arbeida med oljerelatert terminologi gjennom terminologisk komitéarbeid midt på 1970-talet, og RTT gav ut tre oljerelaterte ordbøker på Universitetsforlaget, RTT35 (1976) og RTT43 (1980), begge med tittelen *Ordbok for petroleumsvirksomhet*, og *Oljeordliste* i 1982, dei to siste saman med Norsk språkråd. Om lag samstundes sette sentrale aktørar, ikkje minst i og rundt PDS-miljøet, seg i sving med aktivt lobbyarbeid mot oljemiljøet i Stavanger-regionen, det vil seia Oljedirektoratet og dei sentrale oljeselskapa med Statoil i spissen. Boka *Oljespråk* av Einar Flydal (Flydal 1983) var òg ein viktig premissleverandør i dette arbeidet. Både Kolbjørn Heggstad og Bjarne Norevik frå PDS, saman med krefter i Statsautoriserte translaturers forening må rekna mellom dei sentrale aktørane, og det viktigaste forumet var ei rad møte på Utstein Kloster. Dette arbeidet nådde eit toppunkt då Statoil under leiing av Arve Johnsen vedtok å setja ut i livet det store prosjektet som vart plassert ved PDS/Norsk termbank under namnet "Terminol-prosjektet". Dette første store oljeterminologiske prosjektet vart gjennomført i åra 1983–1985 for å utvikla eit norsk arbeidsspråk på Statoil sitt oljefelt Gullfaks (sjå Pedersen 1986 og Roald 1986).

Terminol-prosjektet er framleis det største terminologiske einskildprosjektet i Noreg nokosinne. Det fekk ei oppfølging med toppunkt i 1986, men aktiviteten på dette terminologiske feltet varde ved i fleire år, først og fremst ved Norsk termbank og ikkje som felles, nasjonal prosjektporlefølje. Det er eit faktum at Terminol-prosjektet utløyste så ulike syn på økonomiske, faglege og strategiske vegval at dei ulike terminologiske fagmiljøa kom til å stå fjernare frå kvarandre enn før. For det nasjonale fagmiljøet vart såleis verknaden på mange måtar den motsette av den verknaden arbeidet med dataterminologi hadde hatt; dataterminologien hadde fungert konsoliderande, oljeterminologien utløyste kløyvingar.

Frå 1988 vart Norsk termbank omorganisert til ei fagleg underavdeling ved Nordisk institutt og administrativ seksjon i stiftinga Unifob. Drifta var fullt ut finansiert gjennom eksterne oppdrag, og PDS var på dette tidspunktet nedlagt som eiga eining. Prosjektprofilen ved Termbanken endra seg utover 1990-talet mot meir landbasert terminologi og allmennspråkleg leksikografi, mellom anna miljørelaterte tesaurusar for Norsk Allmennstandardisering og norsk utgåve av WHOs internasjonale sjukdomsklassifikasjon *ICD-10* for Helsestilsynet. På grunnlag av det akkumulerte materialet frå dei ulike prosjekta utvikla fagmiljøet ved Termbanken termdatabasen *NOT*, som vart gjord tilgjengeleg i abonnement og gjennom sal frå midten av 1980-talet, først som stormaskinløsing, deretter i Windows-utgåve og frå 1999 som internettversjon (først og fremst som prototyp). Arbeidet med denne termbasen stansa meir eller mindre opp i 2000.

I ei ny omorganisering i 1997 vart Termbanken samorganisert med det nye forskingsprogrammet for humanistisk informasjonsteknologi (HIT) og samlokalisert til HIT-senteret. Dette skulle gje ei større og meir slagkraftig eining med sterkare IKT-fagleg tyngd og språktekknologisk profil. Norsk termbank som "varemerke" var dermed utfasa, men aktiviteten er vidareført som einskildprosjekt, og terminologi er framleis eitt av arbeidsfelta innanfor Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi (Aksis), som HIT-senteret no heiter.

Ulike institusjonar – ulike profilar?

Terminologiarbeid byggjer på nokre grunnleggjande metodiske prinsipp, først og fremst at språkfolk må samarbeida med fagfolk på dei områda der terminologien høyrer til. Dette prinsippet kan ein seia at alle dei tre institusjonane har følgd, men likevel har dei hatt tydeleg ulike profilar.

RTT med medverknad frå Språkrådet hadde det administrative og faglege ansvaret for faste arbeidskomitear over lang tid. RTT la vekt på at arbeidet skulle skapa tiltru på tvers av faglege grenser. Arbeidet i komiteane var (i alle fall hovudsakleg) uløna, men vart til dels utført med arbeidsgjevars velvilje og dermed indirekte finansiering. Norsk termbank var kjenneteikna av prosjektspesifikke arbeidsgrupper alt etter marknadssituasjonen. Medarbeidarane i desse gruppene var identiske med det løna personalet ved Termbanken.

RTT hadde overvekt av fagekspertar i terminologikomiteane og hadde såleis mest til felles med den arbeidsmodellen som har rådd innanfor standardiseringsorganisasjonane. Språkrådet, men særleg Norsk termbank, var meir filologprofilerte. Likevel har det vore ei felles grunnhaldning at begge typar kompetanse måtte vera med. Ingen komitear ved Termbanken arbeidde utan at det var fagekspertar med som referansepersonar, og i Språkrådet sine komitear var det aktive fagekspertar med.

RTT og Språkrådet har publisert ordbøker og ordlister for vanleg sal, men i aukande grad med datateknologiske metodar i bearbeiding og produksjon (Hjulstad 1985a:59f.). Publiseringforma ved Norsk termbank har vore todelt: På den eine sida den elektroniske termbasen *NOT* (sjå <http://spraktek.aksis.uib.no/projects/not>), på den andre sida slike produkt som den einskilde oppdragsgjevaren ønskte og betalte for. I det siste tilfellet har det stort sett vore tale om dataleselege produkt (til dømes filar) som oppdragsgjevaren sjølv hadde publiseringretten til. Den viktigaste av desse termbasane er *UD-basen* til Utanriksdepartementet, som i format og teknisk opplegg har mykje til felles med *NOT* (sjå <http://decentius.hit.uib.no/udbase/home.html>).

Som eit felles kjenneteikn for alle desse tre institusjonane kan det nemnast terminologifagleg rådgjeving til publikum i saker som var for små til å generera eigne prosjekt – først med brev og telefon, i dei seinare åra i aukande grad med e-post. Denne rådgjevinga har stort sett vore innarbeidd i den vanlege drifta, berre sjeldan fakturerert.

Samarbeid, sambandslinjer og konfliktar

RTT kom frå 1970-talet som nemnt inn i eit langvarig samarbeid med Prosjekt for datamaskinell språkbehandling under leiing av Kolbjørn Heggstad ved Universitetet i Bergen. For heile 1970-talet, fram til rundt 1980 kan ein tala om ein norsk 'samarbeidsakse' mellom sentrale institusjonar som Språkrådet, dåverande Norsk leksikografisk institutt ved Universitetet i Oslo, PDS, RTT, Norsk termbank. Ein vesentleg del av publiseringa gjekk gjennom Universitetsforlaget. Som vi har sett, var drifta av PDS og Termbanken finansiert med eksterne prosjekt for Språkrådet og RTT, som fekk data teknisk arbeid utført der. Desse eksterne prosjekta kom ofte frå Universitetsforlaget, som finansierte mesteparten av arbeidet med dataterminologien, med særleg interesse frå forlagsdirektør Tor Bjerkmann.

Rundt 1980 vart det arbeidd med tankar om å skapa ein "Norsk termbank" som ei nasjonal terminologistiftning etter modell av stiftinga Lovdata. Både Kulturdepartementet, Norges Standardiseringsforbund og Språkrådet var inne i biletet saman med Universitetet i Bergen. Tanken var at RTT skulle stå for finansiering og administrasjon, medrekna dataføring og publisering. Det enda likevel med at departementet trekte seg frå dette arbeidet på grunn av meir prinsipiell skepsis til stifting som organisasjonsform. Dei andre aktørane la då arbeidet på is på grunn av otte for at finansieringa ville verta for vanskeleg. Nokre år etter dukka tankane opp att under stikkordet "Norsk termbase", men heller ikkje då vart dei realiserte. På slutten av 1980-talet kom det opp tankar om å leggja inn RTT som eit eige sekretariat i Språkrådet. Denne tanken møtte interesse på statleg hald, men vart oppgjeven til fordel for tanken om RTT som eiga stifting, noko som altså vart realisert med stiftingsmøte i oktober 1989 og formell verknad frå 1. januar 1990.

Tanken om ei fastare nasjonal organisering av terminologiarbeidet møtte altså ikkje berre godvilje. Ein del av forklaringa på dette kan liggja i at det var tale om ulike miljø og institusjonar med ulik profil og ulike interesser, og dette kan ha skapt ein generell otte for dominans og mangel på likeverd. Ein del fagfolk – dvs. 'fagekspertar' innanfor dei terminologiske områda, i motsetnad til 'filologane' – kan òg ha kjent ein viss otte for at språkpolitiske synsmåtar skulle setja for sterkt preg på arbeidet. Trass i at samarbeidet mellom fagfolk og språkfolk i norsk terminologiarbeid alltid har vore godt i dei periodane då norsk terminologiarbeid har hatt framgang, kan ein ikkje sjå vekk frå at det alltid ligg visse spenningar under dette samarbeidet. Dette fenomenet kan reknast som ein relativt allmenngyldig konsekvens av at terminologien har eit tverrfagleg grunnlag (Laurén, Myking, Picht 1997:47f.).

Det må såleis vera rett å seia at norsk terminologiarbeid i ein periode på rundt rekna 15 år, etter konfliktane rundt Terminol-prosjektet i 1985, framstod med to tyngdepunkt: RTT vart omdanna til stifting med sekretariat i Oslo, og Norsk termbank vart fastare integrert i Universitetet i Bergen. Som den tredje hovudaktøren finn vi så Norsk språkråd, med fastare regulært samarbeid med RTT enn med Norsk termbank. Målt i terminologiske årsverk var det Norsk termbank som utgjorde det største terminologimiljøet i landet etter 1985 og fram mot

hundreårsskiftet. Arbeidet frå den perioden er godt dokumentert i skriftlege publikasjonar (sjå m.a. i litteraturlista under ”Skriftseriar”).

At desse tre miljøa var kjenneteikna av ulike profilar, hindra ikkje prosjektretta samarbeid når slikt trøngst, men det er nok rett å seia at samarbeidsklimaet meir var profesjonelt enn entusiastisk. Eit viktig døme på slikt samarbeid var utviklinga av den store ordboka for den internasjonale gassunionen (*IGU-ordboka*, jf. Ellingsve 1999). Her samarbeidde RTT og Norsk termbank om den norske delen. Vi kan òg slå fast at dei tre norske terminologimiljøa hadde eit felles referansepunkt i det nordiske samarbeidsorganet Nordterm, sjølv om det særleg er Norsk termbank og RTT som har vore dei aktive frå norsk side i dette samarbeidet – RTT i funksjonen som Nordterm-partnar med ansvaret for nasjonal samordning av dette engasjementet.

Andre institusjonelle aktørar

Rundt skipinga av RTT i 1989 var det krefter i RTT som såg at utviklinga innanfor Det europeiske fellesskapet (EF) kunne føra til at EF-relatert terminologi kunne verta ein naturleg samarbeidsakse for norsk terminologiarbeid. Då EØS-avtalen kom i stand mellom EFTA og EF, vart det sett i gang eit stort arbeid med omsetjing av traktat- og regelverket som avtalen byggjer på. Dette arbeidet vart organisert som ei separat eining, Omsetjingseininga/EØS, i 1990 i Utanriksdepartementet og med eigen terminolog basert der. Fram mot EU-avrøystinga i 1994 fekk dette arbeidet eit stadig større omfang, og etter avrøystinga er arbeidet vidareført på permanent grunnlag, med ein stor elektronisk termdatabase (”UD-basen”) som formidlings- og arbeidsverktøy (Ovrum 1997).

Slik det alt har gått fram ovanfor, var Norges standardiseringsforbund (NSF) ein aktiv og engasjert aktør i norsk terminologiarbeid fram til på 1980-talet, men òg seinare. Innanfor NSF og andre standardiseringsorganisasjonar, t.d. Norsk Allmennstandardisering (NAS), har det altid gått føre seg eit viktig terminologiarbeid, fordi standardisering av terminologi heng nært saman med den teknisk-faglege standardiseringa. Det finst såleis fleire hundre organisatoriske eininger som arbeider med spesifikk terminologi knytt til ulike fagområde. Det går såleis òg føre seg ein omfattande terminologisk aktivitet i den omorganiserte og samanslegne standardiseringsorganisasjonen, Standard Norge.

Standard Norge er det nasjonale sambandsleddet mot den internasjonale standardiseringa og oppnemner norske representantar til dei internasjonale standardiseringskomiteane. Sidan 1998 har t.d. Håvard Hjulstad hatt leiarvervet i ISO/TC37, den tekniske komiteen for terminologi og andre språkressursar. Denne komiteen har som føremål å standardisera prinsipp og metodar for utvikling av terminologi og andre språkressursar. Så tidleg som rundt 1980 var PDS vertskap for møtet i ISO/TC97, standardisering av dataterminologi (K. Heggstad, munnl.oppl.), og dette var aktualisert av arbeidet i datatermkomiteen.

I mange land er arbeidet med medisinsk terminologi viktig og godt utvikla. I norsk samanheng er det komme ut fleire viktige medisinske ordbøker, mellom anna Audun Øyris medisinske ordbok (sjå nedanfor). Midt på 1990-talet kom det ut norske versjonar av internasjonale kodeverk og klassifikasjonssystem, særleg viktig er den 10. utgåva av *ICD-10* (1996, trykt utgåve 2005). I Noreg har det medisinske kodeverksarbeidet fått eit permanent uttrykk gjennom Kompetansesenteret for informasjonsteknologi i helsevesenet (KITH), som forvaltar ansvaret for dei medisinske kodeverka på oppdrag frå Helsedepartementet. Det har ikkje eksistert noko systematisk og organisert terminologiarbeid i meir strikt tyding på denne

sektoren. Kodeverksarbeid og terminologiarbeid har likevel mange felles kjenneteikn, noko som gjer det naturleg med samarbeid.

I dette oversynet må det òg nemnast at det finst mykje viktig terminologiarbeid internt i større og mindre verksemder, særleg i internasjonale selskap som datakonsernet Oracle og omsetjingsfirmaet Berlitz. Det sistnemnde firmaet (no: Bowne Global Solutions) har spela ei rolle i norsk terminologiarbeid som stiftar i RTT og har dessutan, som eit av fleire omsetjingsbyrå, vore oppdragstakar for Utanriksdepartementet i omsetjings- og terminologiarbeid i samband med EØS-avtalen og EU-medlemskapsforhandlingane på midten av 1990-talet. Store næringslivsaktørar har likevel sjeldan spela ei aktiv rolle i det organisatoriske terminologiarbeidet. Ut frå tilgjengelege kjelder er det heller ikkje lett å dokumentera breidda i det praktiske terminologiarbeidet i privat sektor.

Terminologiske ordbøker – fagordbøker

Mykje av det terminologiarbeidet vi nemner i dette oversynet, har vore publisert i 'vanleg' leksikografisk format, det vil seiå som ordbøker i papirutgåve. Fleire av desse ordbøkene voks fram or prosjekt som opphavleg var igangsette som forskingsprosjekt og drivne av einskildpersonar i forskingsmiljø, og dei avspeglar i fleire tilfelle at einskildprosjekta hadde eit både utnyttå og unyttå potensial til å verta noko meir enn berre mellombels.

Eit viktig døme på dette er prosjektet *ADNOM*, igangsett av Patrick Chaffey ved UiO i samarabeid med PDS og vidareført ved Utanriksdepartementet. Det første konkrete resultatet av dette prosjektet var *ADNOM-ordboka* i 1984 (Chaffey 1985). Den reviderte utgåva frå 1988 har den sjølvforklarande tittelen *Norsk-engelsk administrativ ordbok: navn og termer fra offentlig virksomhet* og er redigert av Patrick Chaffey.

Magne Rommetveit (red.): Norsk landbruksordbok (1979) er eit uvanleg ambisiøst ordboksprosjekt, kanskje eitt av dei mest ambisiøse ordboksprosjekta som har vore her i landet, både på grunn av det rike materialet, dei mange språka som er representerte og den høge informasjonskvaliteten. Det vert arbeidd med planar om ei oppdatering og utviding av ordboka.

Audun Øyris *Norsk medisinsk ordbok* (7. utg. 2003) er vorte karakterisert som ein klassikar i norsk fagleksikografisk tradisjon. Den første utgåva kom i 1987. Ordboka høyrer til den fagtradisjonen der opphavspersonen er ekspert på fagfeltet og altså ikkje er leksikograf med språkvitskapleg bakgrunn. Denne ordboka på nynorsk er mykje nytta som referanseverk i anna medisinsk-terminologisk arbeid.

Ei anna nynorsk fagordbok er *Norsk Teknisk Ordbok*, som vart utarbeidd av Rådet for norsk teknisk ordbok og utgjeven i 1984. Dette rådet var eit "eldsjel-prosjekt". Medarbeidarane tok del i arbeidet med *Norsk dataordbok*, og det vart ei stund arbeidd med planar om å gje ut ei nynorsk dataordbok (K. Heggstad, munnl. oppl.).

Datateknologien

Frå 1960-talet og frametter kom datateknologien meir og meir i bruk som hjelpemiddel i leksikografisk og terminologisk arbeid. Internasjonalt vart det skapt større og større termbankar, og samstundes vart maskinane hendigare, kraftigare og mindre plasskrevjande. PDS var eit pionermiljø på dette området her i landet, og eit norsk motsvar til tilsvarande fagmiljø i andre nordiske land, kanskje først og fremst Språkdata ved Göteborgs universitet.

Dei tidlege utviklingstendensane er dokumentert i mellom anna Norevik (red.) 1985, særleg Hjulstad 1985a.

I Terminol-prosjektet og etterfølgjande prosjekt vart det eksperte materialet lagt inn og dataført. Det vart laga eit komplett databasesystem som ganske snart erstatta papirmediet som fullverdig oppslagsverk (Pedersen 1986). Seinare la dette materialet og denne teknologien grunnlaget for termdatabasen *NOT*, som kom i handelen som *NOT for Windows* i 1994. Det vart laga ei papirbasert ordbok som kom ut på Kunnskapsforlaget i 1988.

Den teknologiske utviklinga innanfor terminologiarbeidet i andre halvdel av 1990-talet var heilt dominert av Internettet og spørsmålet om Verdsveven som formidlingsmedium.

Prosjektet ”Norsk terminologisk database – NOT” gjekk føre seg ved HIT-senteret (no: Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi) mellom 1997 og 2000, sjå t.d. Andersen 1997, Meurer 1997. Dette prosjektet hadde eit ambisiøst mål om å kombinera datalingvistiske metodar for terminologisk bearbeiding med nye format tilpassa Internettet. I same lei, men med større vekt på integrering av korpusmetode og terminologisk tilnærming, går prosjektet ”KunnskapsBank for økonomisk-administrativt domene (KB-N)”, sjå Innselset og Brekke 2004.

Mellom desse to prosjekta, men i nær tilknyting til det første, vart det arbeidd på nordisk plan med å etablira ein fellesnordisk termbank, Nordtermbanken, som skulle vera eit sjølvfinansierande tiltak med terminologisk formidling gjennom nettet. På norsk side skulle RTT vera hovudpartner. Det er ei blanding av praktiske og økonomiske faktorar som har gjort at denne termbanken enno ikkje er realisert. Derimot vart det med EU-midlar som eit forstadium etablert ein felles nordisk nettstad for terminologisk dokumentasjon, Nordterm-Net, og denne nettstaden fungerer som eit virtuelt samlingspunkt for dei nordiske terminologiorgana (<http://www.tsk.fi/nordterm/>).

Norsk kjenneteikn: ”spektakulære” prosjekt?

Å måla styrken i terminologiarbeidet ut frå kor mykje pengar som er investert, og kor mange terminologiske årsverk som har gått med, seier ikkje alt om den faglege verdien av arbeidet. Ein god del av det viktigaste terminologiarbeidet er usynleg og påkallar lite blest og offentleg merksem. Men gjennom dei siste åra er det likevel to prosjekt som har merkt seg ut, særleg fordi dei er resultatet av heilt spesielle sosiale omstende og historiske situasjoner: oljeterminologien på 1980-talet og EØS-terminologien fra 1990-talet til i dag.

Terminol-prosjektet og dei oljeprosjekta som kom etterpå, fekk ein viktig symbolfunksjon fordi det kunne sjå ut som om den viktigaste nasjonaløkonomiske sektoren frå no av skulle vera heilnorsk, eller at han i alle fall ikkje lenger skulle fungera som ’trojansk hest’ for språkdød. På tilsvarande vis kan ein seia at arbeidet med å oversøra regelverket i EØS-systemet til norsk frå 1990-talet er eit viktig uttrykk for at norsk språk faktisk er eit fullverdig bruksspråk i det internasjonale samfunnet. Med uttrykket ’spektakulær’ kan ein altså referera til denne sosiale symbolfunksjonen, uttrykket inneber ikkje automatisk nokon karakteristikk av kvalitetten på det terminologiske produktet eller av metodane.

For dei som deltek i større prosjekt og gjennomfører dei, kan det sjølv sagt vera smått med kjensla av at arbeidet skulle vera ’spektakulært’. På den eine sida kan ein seia at arbeidet med den norske utgåva av WHOs internasjonale sjukdomsklassifikasjon (*ICD-10*, der Norsk termbank og KITH var involvert) kunne fortuna denne karakteristikken på grunn av at dette var eit kostnadskrevjande prosjekt og på nokre punkt eit pionerarbeid. På den andre sida var

arbeidet med *IGU-ordboka* (ved RTT og Norsk termbank) fagleg sett eit prestisjeprosjekt som vart finansiert ved idealisme og mødesamt arbeid over lang tid, og der dei økonomiske bidraga frå eksterne sponsorar var relativt smålåtne.

Dermed er vi framme ved det som er det viktigaste særlege kjenneteiknet ved norsk terminologiarbeid slik biletet har teikna seg dei siste 20 åra: Ein kronisk svak og usikker økonomi kjenneteikna av nokre få høgkonjunkturar, men elles av små ressursar. Det er altså misvisande å la eit par 'spektakulære' einskildprosjekt dominera biletet. Det kan sjå ut som om ein på 1980-talet og før den tid hadde ein tilsynelatande stabil etterspurnad og kundemasse, om dei enn var smålåtne reint kvantitativt. Dette er likevel ikkje heile biletet, for det teiknar seg eit biletet der det på den tida fanst aktivistar og "entreprenørar" som la ned eit stort arbeid for å skapa eit permanent økonomisk grunnlag. I dei siste åra har innsatsen med forsking absolutt ikkje minka, som vi skal sjå nedanfor, men det industrielle og økonomiske grunnlaget er ikkje sterkare enn før, og den samla innsatsen med økonomi og marknadsføring på nasjonalt plan har nok gått attende.

Forsking og utdanning

Slik arbeidsdefinisjonen for denne artikkelen er utforma, er det naturleg å ta forskings- og utdanningsaktivitetar med. Ikke minst tener det til å illustrera at mykje av det arbeidet som vart gjort med å utvikla den institusjonelle sida av arbeidet, bygde på klåre forskingsbaserte ambisjonar. Det som finst av hovudoppgåver, avhandlingar og artikkelproduksjon, har som oftast vore gjort i nær tilknyting til praktisk terminologiarbeid og med data og empiri frå slikt arbeid. Her er det grunn til å nemna seriane frå PDS og Norsk termbank spesielt: *Norske språkdata, Norske terminologidata* (NOTED, i samarbeid med Noregs handelshøgskole) og *Småskrifter*. Dessutan har det ofte vore sakna ei fastare ramme rundt opplæring i terminologi, og det har frå tid til anna vore lagt fram planar og sett i verk forsøk, mellom anna med eit delfag i terminologi i Bergen i 1987 (Roald 1985, Myking 1990).

Det kan diskuterast om ambisjonane har lukkast: Det finst berre eit par vitskaplege stillingar i heile landet med terminologi som nøkkelord i stillingsinstrukturen, det manglar framleis eit permanent, systematisk undervisningsopplegg, trass i at terminologi og terminologirelaterte emne står på kursplanar både ved Universitetet i Bergen, Noregs handelshøgskole og Høgskolen i Agder. Det manglar òg ei norskspråkleg innføringsbok i feltet.

Trass dette er det produsert fleire doktoravhandlingar (Andersen 1991, utg. 1998, Simonnæs 2003, Kristiansen 2004) og hovudoppgåver, særleg i Bergen. Fleire hovudoppgåver i nordistikk har teke opp fagterminologiske emne og brukt fagterminologiske metodar: Gulbrandsson 1983 *Med fireflaiten åffsjår* som dokumenterte det engelsk-norske oljespråket, Hauken 1988 om datamaskinar, Rangnes 1988 om brannsløkking, Aanesen 2002 om sosialpsykologi, Berghulnes 2004 om flyteknologi. Den sistnemnde oppgåva er bygd på analyse av lærebøker for skuleverket.

Terminologiske forskings- og utviklingsprosjekt, både grunnforskning og meir tillempa forsking, har det vore nokre få av etter 1980, dersom ein då ser vekk frå den meir reindyrka oppdragsforskingsa. ADNOM-prosjektet er alt nemnt. Prosjektet "Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium" var ein del av NFR/KULT-programmet, og resulterte i ei rad større og mindre publikasjonar, sjå Myking og Sæbøe 2000 for ei representativ referanseliste. I boka *Terminologi som vetenskapsgren* (Laurén, Myking og Picht 1997, tysk utgåve 1998) kan ein seia at norske perspektiv har nedfelt seg i ein teoretisk samanheng.

Perspektiv og utfordringar

Det har vore ein historisk konstant faktor at terminologi som marknad og industriell sektor ikkje står sterkt i det norske samfunnet, og dette har terminologi felles med t.d. språkteknologisk arbeid. I den grad terminologi har vore synleg i det offentlege biletet, så har det vore i ein kulturell språkrøktsamanheng meir enn i ein industriell. Dette kan ein for så vidt tolka slik at arbeidsinnsatsen på det språkpolitiske og kulturelle området har vore større enn innsatsen med å fremja terminologi som salsprodukt, men innsatsen på det siste feltet har i periodar vore mykje større enn det dei varige resultata skulle tyda på. Mangelen på permanent stabilitet skuldast nok delvis grunnleggjande økonomiske og kulturelle særdrag ved det norske samfunnet: Norsk næringsliv er dominert av engelsk, og nordmenn flest er godt motiverte for dette språket. Dette er ikkje ein situasjon som stimulerer økonomiske aktørar til å fremja norsk som konkurransefordel. Å fremja norsk terminologi under nøkkelordet 'domenetap' fungerer altså godt når ein vender seg mot den politiske og kulturelle ålmenta, men har mindre gjennomslagskraft mot produksjons- og næringslivet. Det er altså her det hastar mest med å utvikla alternative forståingshorisontar.

På eit litt meir praktisk-organisatorisk plan må ein då stilla visse spørsmål og formulera vilkår for at terminologisatsinga skal lukkast i framtida:

- Er det mogeleg å samla og konsolidera det vesle og fragmenterte terminologiske familjøet?
- Kan ein (gjen)skapa koplingane til det planlagde "språkindustrielle komplekset", slik at desse to sektorane stimulerer og styrker kvarandre?
- Kva modell bør statleg terminologiarbeid organiserast etter – bør vi etterlikna den normale nordiske modellen med arbeidsdeling mellom eit "språktilsyn" og eit utførande "terminologilokomotiv"?
- Eller bør vi konsolidera det som no faktisk er status – eitt organ som femner om alle typar språkstrategisk arbeid, med andre ord ein "islands" modell?
- Korleis kan ein styrkja og utvikla terminologisamarbeidet mellom statleg og privat sektor?

Først og fremst handlar dette om å stimulera medvitet og ansvarskjensla i samfunnet, sjølv i tider då det ikkje er nokon spesielt 'spektakulær' sosial situasjon som av seg sjølv avlar terminologiarbeid. Då må spørsmålet om alliansebygging stå sentralt.

Kjelder og litteratur

- [Ansteinsson, J. 1939] Rapport om arbeidet med RTT. Notat.
- Aanesen, L.-A. 2002. *Termdanningsstrategi og motivasjonstype: en undersøkelse og drøfting av et utvalg termer innen fagområdet organisasjonspsykologi*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen.
- Andersen, Ø. 1997. NOT-prosjektet: Norsk terminologisk database – Struktur og applikasjoner. *Nordterm 97.* (= Nordterm 9. 61–65)
- Andersen, Ø. 1998. *Lingvistikk og dokumentasjonsbaserte tesauruskonstruksjoner*. Bergen: HIT-senteret. (= Dr.art.-avhandling, Universitetet i Bergen, 1991)
- Berghulnes, T. 2004. *Flyteknisk terminologi i lærestoff i videregående skole*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø.
- Buan, B. 1997. Utvikling av en nasjonal medisinsk termbase. *Nordterm 97.* (= Nordterm 9. 77–82)
- Chaffey, P. (red.). 1988. *Norsk-engelsk administrativ ordbok: navn og termer fra offentlig virksomhet*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Chaffey, P. 1985. The Translation of Administrative Terminology.
I Norevik (red.) 1985, 25–32.
- Ellingsve, E. J. 1999. *IGU-prosjektet 1990-1997: rapport*. Rapport/HIT-senteret; nr 1/99. Universitetet i Bergen.
- Flydal, E. 1982. *Oljespråk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gulbrandssen, T. 1983. *Med fireflaiten åffsjår*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen.
- Hauken, T. 1988. *Datamaskin og computer. En undersøkelse og diskusjon av termer og begrep på mikromaskinområdet*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen.
(= Norske språkdata 20, Norsk termbank – Nordisk institutt)
- Heggstad, K. [1976]. Datamaskinell språkbehandling. PDS 1967–1976. Bergen: Nordisk institutt, prosjekt for datamaskinell språkbehandling.
- Hjulstad, H. 1985a. Datamaskina i terminologiarbeidet. I Norevik (red.) 1985, 57–62.
- Hjulstad, H. 1985b. Terminologiarbeid på nasjonalt plan – Norge. I *Nordisk forskerkursus i terminologi*. København: HHK. 432–439.
- ICD10 – Den internasjonale statistiske klassifikasjonen av sykdommer og beslektede helseproblemer*. 10. revisjon. Norsk utgave 2005. KITH/Sosial- og helsedirektoratet.
- Innset, K. og Brekke, M. 2004. KB-N (KunnskapsBank for økonomisk-administrativt domene): presentasjon av et korpusbasert terminologiprosjekt. I *Synaps* 15/2004. Bergen: Noregs handelshøgskole. 1–20.
- Kristiansen, M. 2004. *The Multi-Disciplinary Nature of the Social Sciences. Investigating Disciplinary Autonomy in Organisational Behaviour by means of Terminological Analysis*. Dr.art.-avhandling, Universitetet i Bergen/Norges handelshøgskole.
- Laurén, C., Myking, J., Picht, H. 1997. *Terminologi som vetenskapsgren*. Lund: Studentlitteratur.
- Meurer, P. 1997. Et verktøy for terminologiske databaser. *Nordterm* 97.
(= Nordterm 9. 66–76)
- Myking, J. 1990. Terminologiundervisning ved Universitetet i Bergen. I Picht, H. (red.) *Terminologi, edb og vidensteknik. Nordterm-symposium 1989*. (= Nordterm 3. 213–222)
- Myking, J. og Sæbøe, R. 2000. Språkplanlegging, identitet og marknad – Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium. I Andersen, Lie, Melhus (red.) *KULT – i kulturforskningens tegn. En antologi*. Oslo: Pax. 180–196.
- Norevik, B. (red.). 1985. *Datamaskinen og språket*. Bergen–Oslo–Stavanger–Tromsø: Universitetsforlaget.
